

Fra: kjell risholm [kjellris@hotmail.com]
Sendt: 11. desember 2012 08:07
Til: NVE
Emne: NVE 200901128-162kv/jaso

Hei.

Ein liten kommentar til det nye alternativet C for Breim Kraftverk i Gloppen. Dette alternativet er i tråd med det som undertegna ønskjer ved ei evt utbygging. Det let elveos og nedre del av elva vere uberørt og truleg vil ha lita endring i forhold for fisk i utløpet. Det visuelle vil også vere ivareteke på ein grei måte og eg vil støtte ei slik utbygging. Området i elva mellom inntak og utløp håpar eg vert tilpassa den mindre vassføringa og tillaga slik at fisk kan gå forbi og vidare opp elva. Det einaste eg vil bemerke er at overskytande masse ikkje blir dumpa, men nytta til formål som er til gagn for bygda eller anna nyttigt i distriktet.

mvh

Kjell Risholm
6827 Breim

ps veit at fristen var i går, men dette er berre ein kommentar, inga klage..